

## Mineralstrategien – Forbetring eller forverring?

Næringsminister Jan Christian Vestre svarar 19.07. på kronikken min to dager før, og tar miljørørsla til inntekt for at miljøstrategien er godt mottatt. Grunnlaget er at Truls Gulowsen i Naturvernforbundet har omtalt strategien som "oppgjør med mange tiår med skrekkelig gruvedrift og miljøforvaltning". Til dette har eg eit spørsmål til ministeren: Sidan du syns dette er så gildt, er du enig med Gulowsen i at vi har hatt "mange tiår med skrekkelig gruvedrift og miljøforvaltning"? I såfall ser eg fram til regjeringa sin sjølvkritikk.

Eg ser også positive teikn i strategien, som meir sirkulær økonomi med betre utnytting av ressursane og ei viss behovsprøving før konsesjon, men eg ser ikkje dei konkrete tiltaka som kan sikre at dette skjer i praksis. Ministeren heng seg opp i dei positive orda og overser at Naturvernforbundet samtidig minner om at dei ligg i rettssak med staten om gruvedumping i Førdefjorden og åtvarar mot gruvedrift på havbotn. Det er langt frå grunnlag for å ta Naturvernforbundet til inntekt for regjeringa sin mineralpolitikk.

Frå omlag 2010 har det vore strid om ei rekke gruver og gruveprosjekt i Noreg. I alle desse har det vore strid om minst ein av desse sakene:

- Dumping/deponering av gruveavgang i sjø.
- Arealinngrep i reindriftsområde.

Begge desse fenomena er i strid med internasjonalt lovverk. Begge skal likevel fortsette etter den nye mineralstrategien. Så lenge det ikkje skjer noko her, vil ein fortsette i same retning, og med det varsla hurtigsporet for saksbehandlinga opnar ein for å tømme ut alle våre kjente mineralressursar på få år. Det blir ikkje meir forsvarlig uansett kor mange gongar ein seier "grønt skifte".

Ministeren vil ikkje sjå at dialogen har havarert. I Repparfjorden har vore "dialog" mellom gruveselskap og reindrifts- og fiskeriinteresser i omlag 15 år. Usemja er like stor, det einaste som er oppnådd er at gruveselskapet stadig kan vise til at dei har dialog. Men det var kanskje det som var vitsen?

Svein Lund

<http://gruve.info>